



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Formannskapssalen, rådhuset
Dato:	24.08.2026
Tid:	kl 15:30 - 17:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Olav Harald Ulstein	Ordfører	FRP
Jarle Strømmegjerde	Varaordfører	H
Arve Ekornes	Medlem	FRP (Møtte kl. 15.45, då var sakene 55, 56 og 63 handsama.
Birgitte S. Bonesmo	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Clara Aarseth-Strømmegjerde	Medlem	AP
Hans Petter Brunstad Sørensen	Medlem	AP
Anita Bente Kjersheim	Medlem	SP

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Ole Kjell Eidem	SP	Sveinung Vemøy	SP

Andre som møtte:

Torbjørn Emblem	kommunedirektør
John Henrik Welle	økonomisjef
Odd Jostein Drotninghaug	kommunalsjef samfunn
Torill Skjeret	møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-55/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-56/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-57/26	Referatsaker
RS-15/26	Eigarskapsmøte i kommunale selskap med eigarandelar mellom 45%-100%
PS-58/26	Kvartalsrapport 2. kvartal 2026 - Drift, investering og finans
PS-59/26	Budsjettrevisjon 2-2026
PS-60/26	Vedtaksrekneskap 1.halvår 2026
PS-61/26	Klage på avslag - Startlån
PS-62/26	Nye leigde lokale for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (U.off jf. Off.l § 13 1.ledd, jfr. Forv.l § 13, 1.ledd nr.2)
PS-63/26	Oppnemning av kommunal representant i styret for Sykkylven Friluftssenter SA

55/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet gjekk inn for å handsame ei tilleggssak i medhald av kommunelova § 11-8, (hasteparagrafen); Utnemning av kommunal representant i styret for Sykkylven Friluftssenter SA. Saka vart handsama først i møtet.

Det var elles ingen merknader til innkalling eller sakliste.

FSK - 55/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre, med ovannemnde tilleggssak.

56/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

FSK - 56/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

57/26 Referatsaker

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

FSK - 57/26 Vedtak:

Referatsaka vert tatt til vitende.

15/26 Eigarskapsmøte i kommunale selskap med eigarandelar mellom 45%-100%

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren orienterte og svarte på spørsmål.

58/26 Kvartalsrapport 2. kvartal 2026 - Drift, investering og finans

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Økonomisjef John Henrik Welle orienterte og svarte på spørsmål.

Formannskapet tilrår samrøystes: Som framlegget frå kommunedirektøren

FSK - 58/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kvartalsrapport per 2. kvartal 2026 for drift, investering og finans inkludert gjeldsrapport per 30.6. blir tatt til vitande.

59/26 Budsjettrevisjon 2-2026

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som framlegget frå kommunedirektøren

FSK - 59/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek budsjettrevisjon 2-2026 slik det kjem fram av tabelloppstillingane vedlagt saka.

60/26 Vedtaksrekneskap 1.halvår 2026

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som framlegget frå kommunedirektøren

FSK - 60/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret tek vedtaksrekneskapen for 1. halvår 2026 til vitande.

61/26 Klage på avslag - Startlån

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren orienterte og svarte på spørsmål.

Samrøystes vedtak: Som kommunedirektøren sitt framlegg.

FSK - 61/26 Vedtak:

Sykkylven formannskap - klageinstans - held fast på vedtak om avslag på Startlån for søkjar.

63/26 Oppnemning av kommunal representant i styret for Sykkylven Friluftsenters SA

24.08.2026 Formannskapet

Behandling

Saka vart tatt opp i møtet.

Tilråding frå valnemnda vart lagt fram.

Kommunen skal oppnemne ein representant i styret for Sykkylven Friluftsenters SA i samsvar med vedtektene i selskapet. Saka vart handsama etter Kommunelova § 11-8 (hasteparagrafen) jf. også kommunen sitt delegeringsreglement.

8 voterande.

Formannskapet vedtok samrøystes: Som tilrådinga frå valnemnda.

Saka går til kommunestyret til orientering.

FSK - 63/26 Vedtak:

Sykkylven formannskap oppnemner - i medhald av kommunelova § 11-8, jf. kommunen sitt delegeringsreglement - Arve Ekornes som kommunal representant i styret for Sykkylven Friluftsenters SA.

Saka går til kommunestyret til orientering.